



## TINE Fotballskule Hafslo 2017

Fotballgruppa i Hafslo IL inviterer for 10.året på rad jenter og gutar i alderen 6-12 år (fødde 2005-2011) til vår tradisjonsrike fotballskule i Moane på Hafslo siste veka av skuleferien!

I år feirar TINE Fotballskule 20 år, og 70 000 born frå heile landet samlast i løpet av sommaren til tidenes fotballfest. I år er det også ei ekte jubileumsdrakt med i deltakarpakken. Meir informasjon om TINE Fotballskule finn du på [www.tinefotballskole.no](http://www.tinefotballskole.no).

På fotballskulen får du utvikle dine fotballferdigheiter der spel, leik og sosialt samvær står sentralt. Det blir tre dagar med fokus på trening, trivsel, læring, topp stemning og gode haldningar!

Fotballskulen på Hafslo er for ALLE uavhengig av ferdigheiter og funksjonsnivå, og du treng ikkje å ha spelt fotball tidlegare!

**Dato: 16.08.17 - 18.08.17**

**Tid: 10.00 - 14.00 kvar dag**

**Sted: Hafslo Stadion, Moane**

Alle deltakarar får TINE t-skjorte, TINE-ryggsekk og fotball. Alle får også servert Tine-mjølkk eller juice og frukt kvar dag.

**Pris: 400 kr per deltakar.**

Påmelding innan **01.07.2017** til [ovemidtbo@hotmail.com](mailto:ovemidtbo@hotmail.com) eller per SMS til tlf. 41375655. Hugs namn/alder ved påmelding.

Deltakaravgifta skal innbetalast til kontonr. **3785.07.20062 innan 10.08.2017** (Ønskjer helst ikkje kontant betaling ved oppmøte). Merk innbetalinga med "**Tine Fotballskule + namn på deltakar**".

Fotballgruppa håpar mange blir med på årets jubileumsutgåve av TINE Fotballskule på Hafslo 2017! Meir informasjon blir sendt ut til alle påmeldei byrjinga av august!

Helsing  
Fotballgruppa i Hafslo IL

*Ta med matpakke og drikkeflaske kvar dag. Kle deg etter vertilhøva, og hugs solkrem om nødvendig ☺*

